



Målet med salmekvelden er mellom anna å bli betre kjend med den rike salmeskatten i Norsk salmebok..

Det vert ny salmekveld i Uskedal kyrkje i morgon, måndag 14. oktober kl. 19. Salmekvelden vert skipa til i regi av Uskedal sokneråd i samarbeid med kantor Eva Megyesi og kyrkjekoret Nordsaang. Overskrifta er Frå Petter Dass til Edvard Hoem, utvalde salmar frå ein tidsperiode på over 300 år.

Prologen i Norsk salmebok er Herre Gud, ditt dyre navn og ære, skrive av Petter Dass, fiskeoppkjøpar, diktar og prest på Helgelandskysten på 1600 talet. I dag er Petter Dass eit nasjonalt ikon. Tekstane hans vert brukte i mange og ulike samanhengar, mykje fordi ha skildrar kysten og den nordlege delen av landet med ei sterk poetisk kraft. På samlekvelden vert vi kjende med Herre Gud, ditt dyre navn og ære ved bruk av tre folketonar, alle frå ulike deler av landet.

Danmark sin store salmediktar, utanom Grundtvig og Kingo, er Hans A. Brorson med sine tekstar frå 1700 talet. Vi syng salmen Overmåte fullt av nåde med ein folketone frå Oppdal. Truleg minnest enno mange denne salmen under OL på Lillehammer i 1994, framført av Iver Kleive og Knut Reiersrud.



Kyrkjekoret Nordsaang med sin musikalske leiar, Eva Megyesi, vert med på salmekvelden.

Einar Skjæraasen har to tekstar i Norsk salmebok. Ein av dei, Himlen blåner, er med i programmet. Vi kjenner truleg Skjæraasen best frå viser og folkesongar, slik som Danse mi vise, gråte min sang og Vandringsvise.

Salmekvelden vert avslutta med Edvard Hoem sin tekst: Når heile verda syng for Gud, 7 strofer, ei frå kvar av dei seks skapingsdagane og den sjuande for kviledagen. Salmen formidlar ei lovprising over skaparverket og den kristne vona.

Kyrkjekoret Nordsaang og kantor Eva Megyesi medverkar i programmet.

Alle er velkomne til salmekveld i kyrkja, måndag 14. oktober kl. 19.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Gunn Judith Dale/ Kristian Bringedal